

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Aslak O. Brimi, Tor Stallvik,
Ellen Persvold, Kenneth de Gala

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, Eivind Kaasin (tillitsvald); Marit Vestrum
under sakene:23, 24, 31-33.

Tid: Torsdag 21.mars kl.10-17.30

Stad: Schous

Referat

Styresak 2013/16 Innkalling og sakliste

Styresak 2013/ 17 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport per 14.03.13
- b) Orientering om endring i vedtektene til Vest-Oppland folkemusikklag
- c) Årboka:
- d) Økonomi: Rekneskapen er teke til orientering

Styresak 2013/18 Revidert handlingsplan

Styresak 2013/19 Framlegg til bladpengar og medlemspengar

Styresak 2013/20 Budsjett 2013 og 2014

Styresak 2013/21 Årsmelding 2012

Styresak 2013/22 Framlegg til ny kandidat i valnemnda

Styresak 2013/23 Val av årets lokallag

Styresak 2013/24 Val av årets folkemusikkarrangør

Styresak 2013/25 LK og LF - arrangør 2014

Styresak 2013/26 Tevlingsreglement for kappleikar i regi av FolkOrg

Styresak 2013/27 Godkjenning av prisar og program for LF 2013

- Styresak 2013/28** Gradert påmeldingsavgift for Landskappleik og Landsfestival
- Styresak 2013/29** Deltaking frå styret på LK og LF
- Styresak 2013/30** Premiebudsjet for Landskappleiken
- Styresak 2013/31** Retningslinjer mot seksuell trakassering
- Styresak 2013/32** Søknad om medlemsskap Hurum spelemannslag
- Styresak 2013/33** Søknad om medlemsskap Enebakk spelemannslag
- Styresak 2013/34** Eventuelt

Styresak 2013/16 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2013/ 17 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport per 14.03.13
- b) Orientering om endring i vedtektene til Vest-Oppland folkemusikklag
- c) Årboka – opplag og pris
- d) Regnskapsrapport 2012 med kommentarar

Vedtak:

- a) Styret tok driftsrapporten til orientering.
- b) Styret tok endringane i vedtektene til Vest-Oppland folkemusikklag til orientering.
- c) Årboka trykkast opp i 1000 eksemplar. Pris er kr 200 kr for medlemmer og 250 for ikkje medlemmer. Administrasjonen lagar ein pakkepris for lag viss dei ønskjer å nytte som premiar eller liknande.
- d) Styret tok førebels rekneskap for 2012 til orientering

Styresak 2013/18 Revidert handlingsplan

Vedtak: Styret vedtok handlingsplan med dei endringar som kom fram i møtet.

Styresak 2013/19 Framlegg til bladpengar og medlemspengar

Vedtak:

Medlemspengar:

Medlemspengar for 2015 vert sett til kr 250 for vaksne, og kr 100 for born.

Medlemspengar for 2016 vert sett til 250 for vaksne, og kr 100 for born.

Bladpengar

Bladpengar for 2014 vert sett til kr 410, ordinær pris, og kr 340 for medlemmar og studentar.

Styresak 2013/20 Budsjett 2013 og 2014

Vedtak: Styret i FolkOrg godkjenner framlegg til revidert budsjett 2013 og budsjett 2014.

Styresak 2013/21 Årsmelding 2012

Vedtak: Styret godkjenner framlegg til årsmelding med dei endringar som kom fram i møtet.

Styresak 2013/22 Framlegg til ny kandidat i valnemnda

Vedtak: Styret i FolkOrg vedtok ei liste med alternative namna som framlegg til nytt medlem i valnemnda.

Styresak 2013/23 Val av årets lokallag

Kenneth de Gala deltok ikkje i handsaminga i denne saka, då han var ugild.

Vedtak:

Styret vedtek å nominera fylgjande 3 lokallag til prisen for årets lokallag(alfabetisk rekkefølge):

Eiker spelemannslag

Hardanger spelemannslag

Naustedalen spelemannslag

Vinnaren er: Eiker spelemannslag

Vinnaren vert ikkje offentleggjort før utdelinga.

Styresak 2013/24 Val av årets folkemusikkarrangør

Tor Stallvik deltok ikkje i handsaminga av denne saken, då han var leiar i Vågå spelemannslag i 2012.

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek å nominera fylgjande 3 folkemusikkarrangørar til prisen for årets folkemusikkarrangør (alfabetisk rekkefølge):

Riksscenen

St.Croix

Vågå spel- og dansarlag

Vinnaren er: Riksscenen

Vinnaren vert ikkje offentleggjort før utdelinga.

Styresak 2013/25 LK og LF - arrangør 2014

Per Øyvind Tveiten deltok ikkje i handsaminga av saken, då han er medlem i Kvemmingen Spel- og dansarlag.

Vedtak:

- a) FolkOrg tildeler Geilo Spelemannslag Landskappleiken 2014 og ser fram til eit godt samarbeid. Kvemmingen Spel – og Dansarlag vert oppmoda om å søkje om å arrangere Landskappleiken 2015.
- b) FolkOrg tildeler Landsfestivalen 2014 til Stiftinga Hilmar Alexandersen med atterhaldet som søkjaren sjølv har satt om kommunal – og fylkeskommunal stønad.

Styresak 2013/26 Tevlingsreglement for kappleikar i regi av FolkOrg

Vedtak: Styret vedtek det reviderte tevlingsreglementet.

Saken vart utsett til handsaming per e-post. Styremedlemmene må svare raskt og til alle.

Styresak 2013/27 Godkjenning av prisar og program for LF 2013

Vedtak:

- a) Forslaget til påmeldingsavgift frå LF2013 vert vedteke.
- b) Forslaget til billettprisar frå LF2013 vert vedteke.
- c) Forslaget til premiebudsjet for LF2013 vert vedteke.
- d) Forslaget til program for LF2013 vert vedteke

Styresak 2013/28 Gradert påmeldingsavgift for Landskappleik og Landsfestival

Vedtak: Styret støttar forslaget om å prøve ut gradert påmeldingsavgift i høve Landskappleiken og Landsfestivalen. Vi må orientere tydeleg om endringa.

Styresak 2013/29 Deltaking frå styret på LK og LF

Vedtak:

- a) Styret vedtek å sende 5 representantar til Landskappleiken 2013. Namna vert vedteke i styremøte 2013/03.
- b) Styret vedtek å sende 4 representantar til Landsfestivalen 2013. Namna vert vedteke i styremøte 2013/03.

Styresak 2013/30 Premiebudsjett for Landskappleiken

Vedtak: Premiebudsjettet til LK2013 på Røros vert godkjend

Styresak 2013/31 Retningslinjer mot seksuell trakassering

Vedtak: Retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep – FolkOrg, blir lagt fram til godkjenning under årsmøtet 2013.

Styresak 2013/32 Søknad om medlemskap Hurum spelemannslag

Vedtak: Hurum spelemannslag sin søknad om medlemskap i FolkOrg blir godkjent med atterhald om at dei endrar punkt «§3 Tilknytingar» i trå med intensjonen i søknadsbrevet. FolkOrg tilrår også at anna merknad blir tatt til følgje.

Styresak 2013/33 Søknad om medlemskap Enebakk spelemannslag

Vedtak: Endringane i vedtekter blir godkjent og Enebakk spelemannslag blir tatt opp som medlemslag i FolkOrg og områdelaget SAFFA.

Styresak 2013/34 Eventuelt

Per Øyvind Tveiten har fått to førespurnadar i høve at vi skal utnemne Jon Jelmert til heidersmedlem i FolkOrg post mortem. AU får fullmakt til å lage eit godt opplegg for dette i samråd med Landskappleiken.